



Arkivnr: 2017/3764-48

Saksbehandlar: Bjørg Larsen

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		15.11.2017

## Klage på fordeling av spelemidler til Lokale kulturbygg 2017

### Samandrag

Søknad om tilskot til Lokale kulturbygg 2017 frå Moster museum fekk avslag med grunngjeving at Moster Museum har så lite opningstider at fylkesrådmannen ikkje kan tilrå støtte.

Dersom Hordaland fylkeskommune skal gje tilskot til Lokale kulturbygg skal det vere ope og tilgjengeleg for alle. Moster Museum er sommarope frå kl 1500-1800 og etter avtale resten av året. I ei samla vurdering av alle innkomne søknadar i 2017 vart ikkje tiltaket prioritert grunna manglande tilgjenge.

### Forslag til vedtak:

Utval for kultur, idrett og regional utvikling opprettheld avslag dagsett 13.9.2017 på søknad frå Moster sogelag om spelemidler til Lokale kulturbygg.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd  
kst fylkesdirektør for kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 11.10.2017**

Hordaland fylkeskommune har motteke klage på avslag om fordeling av spelemidlar til Lokale kulturbygg 2017 frå Moster tur- og sogelag. Saka vart handsama i Utval for kultur, idrett og regional utvikling den 13. september 2017.

Søkjaren registrerte sjølv søknaden om tilskot til Lokale kulturbygg i <http://kkd-idrettsanlegg.no> under Anleggshet: «Moster tur- og sogelag – oppgradering av lager» med søknad: Moster sogelag – Tilskot til lokale kulturbygg.

Moster tur- og sogelag viser til at tiltaket ikkje er ei oppgradering av lager og presiserer at Moster museum blir brukt som lokalt museum og kulturstove for heile kommunen. Lag og organisasjonar har nytta huset til møter og omvisningar etter avtale. Det har vore vitjing av skular og barnehagar. Dei har og arrangert jul i gamle dagar, temautstillingar, temakvelder og julemesser. Dei stadfestar at museet har sesongope frå juni til august og ope heile året – etter avtale.

Moster tur- og sogelag gjer samanlikning med andre museum i regionen i sin klage.

**Vurdering av klagen:**

I sakshandsaminga er det teke omsyn til kva søknaden er registrert som. I samsvar med retningslinene for ordninga Tilskot til lokale kulturbygg er det også høve til å støtte tilrettelegging for lager mv. Fylkesrådmannen legg til grunn at dette ikkje er negativt for vurderinga av tiltaket, og dette er heller ikkje grunnlaget for tilrådinga om avslag.

Søknad om tilskot til Lokale kulturbygg 2017 frå Moster museum fekk avslag med følgjande grunngjeving: *«Moster Museum har så lite opningstider at fylkesrådmannen ikkje kan tilrå støtte»*

I saksførebuinga har fylkesrådmannen lagt vekt på ein grunnleggjande føresetnad i utlysinga av ordninga: *«Bygningane skal i størst mogleg grad fungere som kulturelle møtestader for alle grupper»*. Der Hordaland fylkeskommune skal gje tilskot innanfor denne ordninga skal det vere til tiltak som er opne og tilgjengelege for alle.

Moster Museum er sommarope frå kl 1500-1800 og etter avtale resten av året. Fylkesrådmannen meiner at tiltaket har såpass knappe opningstider at ein kan stille spørsmål om føresetnaden om ålment tilgjenge er oppfylt. Mellom mange gode søknadar i år gjorde fylkesrådmannen ei prioritering, særleg ut i frå omsynet til ålment tilgjenge. Det kan t.d. nemnast at Rosendal skipsbyggjarmuseum fekk avslag med same grunngjeving.

Etter ei samla vurdering opprettheld fylkesrådmannen tilrådinga om avslag.